

Ungdomslag i Lødingen 1901–1931



*«Gud, lat då bløma i kvar bygd
ein ungdom rik på tru og dygd, -»*

Elias Blux

Gjennom Liv Ellen Johnsen har årboka fått tilgang til «Beretning om Lofoten og Vesterålen Ungdomslag 1901-1931», utgitt av styret i Lofoten og Vesterålen Ungdomslag til 30 årsjubileet i 1931. Man lar seg umiddelbart imponere av det omfattende frivillige arbeidet som ble utført av medlemmene, alt fra bygging av telefonlinjer til framføring av skuespill. Selv om det også den gangen synes å ha vært vansker med å engasjere frivillige hjelpere, var det nok et engasjement og en dugnadsånd blant folk som vi i dag bare kan misunne dem.

Fra «Lover for Lofoten og Vesterålen Ungdomslag» tar vi med de første paragrafene:

§ 1 Lofoten og Vesterålen Ungdomslag er fylkeslag under Noregs Ungdomslag, og har til føremål på nasjonal og kristeleg grunn å samle ungdommen til arbeid for opplysning og framgang.

§ 2 Dette målet vil laget nå med foredrag og spreiding av skrifter og blad, og dessutan gjennom arbeid for desse sakene: Norskdomssak, skogsak, fråhaldssak, tuberkulose-sak og andre ideelle saker.

§ 3 Denne paragrafen omhandler de plikter lokallagene har overfor Lofoten og Vesterålen Ungdomslag.

§ 4 Dei laga som forsømer desse pliktene, eller som tillet fyll og uorden på festar eller møte, eller som let dans og leik få for stort råderom, eller på annan måte stemmer slik fram, at dei kan tenkjast å verke til skade for ungdomsarbeidet eller samskipnaden, kan etter vedtak av fylkesstyret misse røysteretten eller bli utstøytte av samskipnaden.

Nedenfor følger kortfattede presentasjoner av ungdomslag i Lødingen hentet fra nevnte jubileumsskrift:

Ungdomslaget «Fjordbølgen» – Husjord

Ungdomslaget «Fjordbølgen» skulde etter namnet ligge i ein fjord ein stad, men kvar? Å nei, det er vel ikkje mange som veit det. Jau, Husjord ligg i Øgtsfjord i Lødingen. Det er ein lang smal fjord med høge fjell på bae sider. Det bur folk både på austre og vestre sida, men fjella gjer at dei bur spreidde. Her finnes om lag 30-40

ungdomar. Desse ungdomane hadde ikkje noko å samle seg om, dei levde framande for kvarandre og interessene var ymse. Lærar Martin Nygård som kom til bygda, såg dette. Han såg og at det var krefter nok til å gjere store ting, det vanta berre noko som bandt dei saman, so dei kunne lyfte i flokk. Nettopp på ein slik stad burde det skipast ungdomslag. Nygård fekk då eit par ungdomar med seg, Kåre Christensen og Bernt Johnsen, og desse tre skipa så ungdomslaget «Fjordbølgen» i mai 1923. Det gjekk godt. Interesse vart stadig større. Men ein såg snart at den åndelege nøring lagsfolket kunde gjeve vart for lite, ein måtte få noko utanfrå. Då var det at laget meldte seg inn i Lofoten og Vesterålen Ungdomslag. Det var hausten 1925. Ein meinte at med dette vilde laget få viljing av fylkeslaget hadde å by.

Særslag har laget ikkje havt mange av då det har mangla leidarar. Det einaste er spellag. Dette har spela skodespel ikkje berre i laget, men også i andre lag. Derimot er det gjort mykje for å gjeve ungdommen opplysning. Det har laget gjort ved foredrag, ordskiye, oplesning av blad og høker og av ein handskreven avis. Litteratur har det ikkje vore lett for ungdommen å få tak i. Laget har difor skaffa seg eit bibliotek. Laget har likevel ikkje berre gjort noko for ungdommen åndeleg sett, men også



Ungdomsstevne Kvankjossfjelles 1906. Foto: Lødingen lokalhistorielag/Hans M. Kamstad.



Sverre Christensen.



Ole Andersen Høyvåg.

materielt. Først og framst har laget stydd sanitetsforeninga og gjeve pengehjelp til tæringssjuka. Dessutan har laget klædd fjella med gran og furu. Men det største taket tok laget i 1927 då det brukte alle sine pengar til å bygge telefonline inn Øgsfjorden. Dette var eit grepa tak, men so tok det alle pengane til laget. Og det gjorde at laget enno ikkje har fått seg eige hus. Men no har laget fastsett å få planen om eige hus realisert. Når det er gjort, må laget halde fram med sin ophavelege plan: Hjelpje folket fram åndeleg og materielt, ikkje berre for bygda, men og gjeve tilskot til folkevoksteren på desse omkverve i heile landet.

Formenn i laget sidan det var skipa har vore: Kåre Christensen frå 20/5-1923 til 31/12 1923. Bernt Johnsen frå 31/12-1923 til 31/12-1928. Sverre Christensen frå 31/12-1928.

«Vestbygden ungdomslag» – Våge i Salten

Vestbygden Ungdomslag vart skipa år 1903 og er soleis eit av dei eldste lag i fylkeslaget. Den som gjorde optaket til skipinga var Ole Andersen Høyvåg. Berre skade at døden so fort skulde rive han burt frå alle hans samfundsgagnlege interesser og tiltak.

Det var på ein vegbasar på Våge at Ole Andersen talte for skiping av eit ungdomslag, for at vi, for utan vegen som skulde kome, ogso kunde ha eit åndeleg band, som kunde binde ungdommen saman til kamp mot trongsyn og egoisme og til arbeid for betre kameratskap millom ungdommen, so

han fekk eit friare og gladare syn på livet. Same dagen vart det valt ei nemd som skulde ularbeide lover for laget. Desse vart med: Ole Andersen, lærar Pedersen, Marie Pedersen, Magnus Hanssen, Gustav Hanssen, Albert Jacobsen, Ole Våge og Aslaug Wist.

Første møte vart halde den 17. mai 1903, og her vart Ole Andersen valt til formann einrøystes. Ved sitt gode sinn og sitt åpne blikk for et sunt ungdomsliv, vart han akta og avholdt av ungdommen. Han var ein verkeleg ungdomsven og ungdomsførar. Og då han brått vart burtreven, tok ungdommen seg dette mykje nær. Dette fekk ogso det til fylgje at arbeidet i mange år låg nede. Sidan tok arbeidet til all. Og ein vart samde om å halde fram i Ole Andersens fotefar.

I åra no framover har laget havt medgang med stort fram møte og gilde møte, men og motgang med dårleg fram møte og låg interesse.

Laget bygde sitt eige hus, med for det meste friviljukt arbeid og under tilsyn av snekkar Chr. Prytz, som ogso teikna huset. Grunnsteinen var lagt den 17. mai 1911 av Andreas Andersen Anfinsett. No står huset malt og velstelt både innvendig og utvendig med kjøken og matsal i andre høgda, i første høgda er det garderobe og møtesal. So no kan ungdommen ha ein stad der dei kan kjenne seg heime, og samstundes kan dei ha den kjensla at alt dette er mitt og det har eg reist med eige arbeid. Laget har særleg arbeidd med skogplanting. Laget har eit stort plantefelt, der ein plantar kvart år. For

oplysningsarbeidet har ein og gjort ikkje so lite. I 1905 fekk ein i stand ei folkeboksamling, og denne er no auka til 170 band. Laget har ogso gjeve altarskalkar til Vestbygden kapellkyrkje, og i samarbeid med Ytterstad Avholdslag og Misjonsforening har Ungdomslaget skaffa pengar til orgelet i same kyrkja.

Desse har vore formenn: Ole Andersen Høyvåg frå 1903 til 1905. Magnus Hanssen frå 1905 til 1910. Kristoffer Ellingsen frå 1910 til 1912. Magnus Hanssen frå 1912 til 1913. Hartvik Hanssen frå 1913 til 1914. Magnus Hanssen frå 1914 til 1915. Ole Johannessen frå 1915 til 1918. Sigmund Hegstad frå 1918 til 1921. Kolbein Christensen frå 1921 til 1925. Alf Høyvåg frå 1925 til 1926. Sigurd Johansen frå 1926 til 1927. Jacob Hegstad frå 1927 til 1928. Hartvik Hanssen frå 1928 til 1930. Sigurd Johansen frå 1930.

Ungdomslaget «Ungskogen» – Halvardøy

«Ungskogen» vart skipa den 22/4-1924 etter optak av Idar Tverfjell og Karstein Larssen m.fl. Laget vart skipa med 18 medlemmer, men har etter kvart vaksne til 30 medlemmer. Innan laget har det vore leselag og spellag. Elles har laget serleg arbeidd for skogsuka. Vi har soleis planta 17 000 gran og furu. Laget har ogso sett seg i brodden for eit veganlegg millom Kjellbergvik, Svartskard og Spjelvik, kring 4 km, eit ulendt og nærmast uframkomeleg terreng. Vegen vil vere til stor hjelp for folket på desse gardane, både for heimkjøring av brensel og for



Sigurd Johansen.

harna som skal til og frå skulen. Vi har no fått eit kommunalt tilskot til verkty og sprengstoff til dette vegarbeidet.

Laget har eit handskreve blad som heiter «Skogsus». Det kjem med mykje godt innhald, som vanleg til kvart møte. Til 1929 heldt laget møta sine i heimane hjå medlemene. No har laget fått sitt eige hus, «Skogheim». Då ein eller måten har stor lånegjeld på huset, vert den viktugaste oppgåva førebels a arbeide for å betale denne ned. Skogplanting er medlemenes kjæraste arbeid.

Formennene har vore: Karstein Larsen frå 1924 til 1929, Karl Kristiansen frå 1929.

Ungdomslaget «Folkeheimen» – Lødingen

«Folkeheimen» vart skipa den 29. oktober 1911. Grunnen til skipinga var vel helst eit ungdomsstemne som ungdomslaget «Thule» skipa til på Lødingen i same året. Desse skipa laget: M. Steen, O. Nøss, E. Dølør, O. A. Andersen, E. Berntsen, G. Lømo, J. Kanstad, H. Kanstad, J. Hanssen, F. Dahl og J. Eilertsen. Den første tida hadde laget hornmusikk, og fleire gonger har laget havt songlag. Av særleg har laget no leikring for vaksne og ein barnering. For eit par år sidan vart Lødingen skilag skipa av ungdomslaget. Laget har eige hus med ei romsleg scene og vakre kulisser, måla av kunstmålar J. Løvholdt, Narvik. Den første tida hadde laget ei lita boksamling, men no er det berre nokre få bøker att. Laget har arbeidd med skogplanting, og no arbeider vi med å skaffe laget plantefelt, anten eige eller kommunalt. Eit år hadde laget kveldsskule. Lagsarbeidet har ikkje alltid gått godt. Motbør har det mang ein gong vore nok av, men til sine tider har det samla mykje ungdom til gilde møte og vore til stor gagn. Mykje folk har gått gjennom lagslista, nokre har reist for å finne arbeid andre stader, andre har gått trøytt i slitet og har vorte burte.. Men det er og mange som ikkje har havt interesse for arbeidet, og av den grunn gått sin veg. Alltid har det vore ei lita kjerne av lagsflokk som har teke det tunge løft og styrt i rett leid. Dansen er for mange år sidan utestengt frå møte og festar. «Folkeheimen» har ikkje so mykje å peike på, men vi er visse om at laget, ved sitt arbeid



Odin Nøss.

gjennom møte, festar og foredrag, har vore til opplysning og åndeleg vokster for ungdommen på staden. Det er visst ikkje for mykje sagt dette: Ungdomslaget har vore ein kulturberar på Lødingen. Av foredragshaldarar vil ein serleg merke seg prestane Kløvstad og Berg-Rollnes. Laget arbeider enno tungt økonomisk. Mesteparten av inntekta går til frådrag på husgjelden. På møta freistar ein å få flest mogeleg program saker med som foredrag, oplesning og det handskrevene bladet «Varden». Oppgåvene no framover vert å samle ungdommen og få den interessert i det frilynde ungdomsarbeidet og bygge laget soleis at den ungdommen som veks op på Lødingen, kan få den stønad for si eiga utvikling han sårt treng på ein slik stad. Laget er medlem av Salten Skogselskap, Nasjonalforeningen mot tuberkulosen, Noregs utda-




Magnus Løkholt.

ningsfond og Hålogaland historielag.

Av lagslemene skal ein serleg nemne O. Nøss som var skipingsmann og enno er med i laget. Odin Nøss er fødd den 26. oktober 1878 i Kolvereid i Namdalen. Då han vaks op var biskop Wexelsen prest i Kolvereid, og etter den tid var det ei sterk nasjonal vekkjing i bygda. Til dette kjem at i åra 1893 og 94 vart Namdøla Folkehøgskule til. I denne Wexelsenske ånd og i ånda frå folkehøgskulen vaks Odin Nøss op. Dette er vel grunnen til at han vart, har vore og er den ihuga ungdomsarbeidaren han er. «Folkeheimen» skuldar han stor takk for strev i mange år.

Formannsliste: O. Nøss 1911 til 1913, E. Nesje 1913 til 1915, O. Nøss 1915 til 1923, Sigrun Heggstrøm 1923 til 1925, P. Gudbrandsen 1925 til 1927, Magnus Løkholt frå 1927.



Ungdomslaget «Folkeheimen» drev også med skogplanting. Trærne hentet de i Kanstadfjorden og fraktet dem til Lødingen i pramma til firma O. A. Andersen.

Foto: Lødingen lokalhistorielag/Leif Walsø-Kanstad.